



RYFYLKE IKS

Innkalling til møte 3 i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Fredag 11.oktober 2024, kl. 16:00 – 18.00

Stad: Teams-møte

Innkallinga går til: Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
Eivind Hustveit, rep. Sauda
Johanne Klungveit Næsje, rep. Suldal kommune
Arin Eiriksønn, rep. Suldal
Joel Nag, rep. Strand kommune
Anne Bratthammer, rep. Strand
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland

Kopi til: Martine Hocking, vara Sandnes kommune
Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda
Johan Kilane, vara Suldal kommune
Nora Østerbø, vara Suldal
Malene Hatteland, vara Strand kommune
Gabriel Havrevold, vara Strand
Brede Krogedal, vara Sandnes kommune
Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune
Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 13/24	Godkjenning av innkalling og saksliste	2
Sak 14/24	Godkjenning av møtebok for styremøte 2	2
Sak 15/24	Stillingsutlysning ungdomskordinator	2
Sak 16/24	Etablering av sommarjobb-nettverk	3
Sak 17/24	«Ryrekrudd» – nettverk- og rekrutteringsfest	3
Sak 18/24	Etablering av regionalt Pride-arrangement	6
Sak 19/24	Instagram-konto	6
Sak 20/24	Karrieredagen og Job Fair 2025	7
Sak 21/24	Folka 2024: Mangfald og inkludering	8
Sak 22/24	Representantskapsmøte 18.oktober	9
Sak 23/24	Eventuelt	9

Sak 13/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

▲ Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og saksliste.

Sak 14/24 Godkjenning av møtebok for styremøte 2

▲ Framlegg til vedtak:

Møteboka vart godkjent.

Sak 15/24 Stillingsutlysning ungdomskordinator

Styret ønskjer at det skal opprettast ei stilling i Ryfylke IKS som kan arbeida med å gjennomføra handlingsplanen, samt fungera som kontaktperson for ungdomsstyret. Det er søkt om midlar til å finansiera denne stillinga, og Ryfylke IKS vil kunngjera stillinga når det blir løyvd midlar.

Styret kjem med innspel til stillingsbeskriving til den stillinga som skal vera kontaktpunktet mellom ungdomsstyret og Ryfylke IKS. Innspela vil bli lagt fram på styremøtet for diskusjon.

▲ Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner dei innspela som har kome i tidlegare vedtak (sak 06/24), og ber om at desse blir tatt med i den endelege stillingsutlysinga. Vedtaket trer i kraft straks finansiering er sikra, og det er styret si plikt å følgja opp prosessen fram til stillinga er utlyst.

Sak 16/24 Etablering av sommarjobb-nettverk

Etter erfaringar i 2024 (sak 08/24) vil det gjerast følgjande endringar på sommarjobben.no:

- Spisse målgruppene: Sette ei nedre aldersgrense i registreringsskjema og ha meir fokus på kompetanse
- Involvere arbeidslivet i større grad: Etablere eit sommarjobb-nettverk av arbeidsgivarar
- Meir automatisering av koplingar mellom kandidat og arbeidsliv

Etter gruppearbeidet (sak 8/24) kom det inn mange gode innspel til arbeidsplassar som kan vera ein del av eit sommarjobb-nettverk i Ryfylke. Arbeidsutvalet har gått gjennom innspela frå gruppearbeidet og har identifisert potensielle arbeidsgjevarar som kan bli ein del av sommarjobb-nettverket.

Fordeling av arbeidsoppgåver knytt til kontakten med arbeidsgjevarane vil bli bestemt på neste møte i ungdomsstyret, der alle medlemar vil få ansvar for spesifikke oppgåver og arbeidsgjevarar.

▲ Framlegg til vedtak:

1. Det skal etablerast eit sommarjobb-nettverk for arbeidsgjevarar i Ryfylke. Dette vil bidra til å auka samarbeid og betre kopling mellom ungdom og arbeidslivet.
2. Medlemmane av ungdomsstyret skal ta direkte kontakt med arbeidsgjevarar i sine respektive heimkommunar. Formålet er å styrkja samarbeidet mellom ungdommen og det lokale arbeidslivet, og samtidig bidra til å skape fleire arbeidsmoglegheiter for ungdom i regionen.

Sak 17/24 «Ryrekrudd» – nettverk- og rekrutteringsfest

Etter gruppearbeidet (sak 10/24) om etablering av ein rekrutteringsarena og sosial møteplass for ungdom og arbeidsliv den 15. april 2025, kom det mange gode innspel til korleis arrangementet kan utformast for å bli meir attraktivt. Arbeidsutvalet har vurdert og behandla desse innspela, og

har no landa på eit konkret opplegg. Basert på styret sine tilrådingar er Fiskepiren no i gang med å leite etter artistar til arrangementet.

Namn: Ryrekrutt – Nettverks- og rekrutteringsfest

Rammer	
Arrangement	Eit felles rekrutteringstreff for ungdom (18+) og privat- og offentleg arbeidsliv i Ryfylke.
Tid:	Tysdag 15. april 2025 (påskeveka)
Stad:	Fiskepiren konsertscene: https://www.fiskepiren.no/
Arrangør:	Ryfylke IKS, Ungdomsstyret i Ryfylke, Næringshagen i Ryfylke, Næringsforeningen i Stavanger ++
Målgrupper:	Ungdom og studentar med tilknytning til Ryfylke, arbeidsgivarar i Ryfylke, UiS, HVL, Fagskolen i Rogaland.
Mål:	<ul style="list-style-type: none"> • Leggja til rette for sterke koplingar mellom målgruppene. • Min. 300 ungdommar og 30 arbeidsgivarar
Pris:	Gratis for alle som kjem på dagen. Etter eit visst klokkeslett (eks. kl.19:30) vil det ikkje lenger vera gratis.

Arrangementet vil berre vera for dei over 18 år. For å få ein god flyt på dagen bør det vera lagt opp til tett program og minst mogleg «dødtid».

Overnatting

Me jobbar for å tilby hotellovernatting til dei første (eks. 200) som bestiller billett. Det er lite belegg på hotella i påska. Tilbodet kan gjera det svært attraktivt å delta. Det må vera eit opplegg for depositum slik at det blir bindande. Andre som vil ha overnatting får rom til redusert pris.

Førebels program

Del 1: 16:30-17:30	Opplegg for bedrifter
Del 2: 17:30-19:30	Opplegg for ungdommar med arbeidslivet
Del 3: 19:30-22:00	Konsert og fest

Del 1: Opplegg for bedrifter

Eit spennande opplegg der bedrifter blir kjent med kvarandre og blir gira opp til å møte ungdommane som kjem. Innhald må lagast i dialog med arbeidslivet.

Del 2: Opplegg for ungdommar med arbeidslivet

Eit spennande opplegg som gjer at ungdom og arbeidsliv blir kjent med kvarandre:

- **Konferansier:** Ein eller to kule, kjente konferansierar som held folk underhaldning gjennom heile kvelden
- **Presentasjon av bedrifter:** konferansier gjer intervju med arbeidslivet. I tillegg til videopresentasjonar. Då får me merksemnda til publikum. Videoar av arbeidslivet: maks

30 sek. Få dei unge tilsette i selskapet til å lage videoane. Viktig at arbeidslivet byr på seg sjølve.

- **Stand:** Inndeling i soner. Det kan for eks. vera ein eigen arena for småskalaprodusentar, og kommunane kan stå saman. Arbeidslivet må ha eit spennande opplegg med give-aways. Kåring av beste stand.
- **Krav til arbeidslivet:** Det bør vera dei unge som stiller. Viktig med ung energi. Me må sette rammer til arbeidslivet om kva me forventar at dei leverer på arrangementet
- **Aktivisering:** Delkarar får praktiske oppgåver som får folk til å snakke saman
- **Foredrag:** Korte foredrag med unge, energiske personar som har ein passion som har lyst til å fortelja om noko.
- **Quiz:** Ein kul Kahoot-Quiz om Ryfylke med kvalifisering og finale. Få ein bank til å betale premien?
- **Mat:** Frå Ryfylke, men kva som skal serverast må diskuterast nærmare. Cider- og eplemostsmaking frå Ryfylke.

Del 3: Konsert

Viktig at det er ein blanding av lokalt og nasjonalt/kjente artistar. Gjerne russemusikk/noko alle høyrer på, og country/bygdamusikk.

Marknadsføring og kommunikasjon

Viktig at ungdomsstyret er med og marknadsfører «Ryrekrutt» til nettverket sitt.

Budsjett	
	2025
Artist/band	230 000
Lokalband	20 000
Mat	150 000
Konferansier	100 000
Fiskepiren med lydanlegg	50 000
Hotellovernatting	200 000
Foredragsholdere	0
SUM	750000
Finansiering	
	2025
Standleigarar	275 000
Agenda Vestland	750 000
Sponsor	
SUM	1 025 000

Sak 18/24 Etablering av regionalt Pride-arrangement

Det kom inn innspel frå ungdomsstyret (sak 12/24) om eit behov for å opprette eit regionalt Pride-arrangement i Ryfylke. Eit slikt arrangement kan vere med på å fremje mangfald, inkludering og like rettar for alle, samt bidra til at regionen blir sett på som ein stad som verdset openheit og toleranse.

For å sikre eit vellykka arrangement, er det viktig at styret diskuterer ulike aspekt av planlegginga gjennom gruppeoppgåver på styremøtet. Dette kan gi alle moglegheit til å bidra med sine perspektiv og sikre ei brei forankring for arrangementet.

Diskusjonstema for gruppeoppgåve:

- Organisering og ansvar: Korleis bør arrangementet organiserast?
- Aktivitetar og innhald: Kva for aktivitetar og programinnslag bør vere ein del av Pride-arrangementet?
- Finansiering og samarbeid:
 - Korleis kan vi sikre finansiering av arrangementet?
 - Korleis kan vi knyte til oss sponsorar og samarbeidspartnarar frå næringslivet?
- Tidspunkt og marknadsføring:
 - Når bør arrangementet haldast for å sikre best mogleg deltaking?
 - Korleis kan vi marknadsføre Pride-arrangementet i heile regionen for å sikre brei deltaking frå ulike samfunnsgrupper?

▲ Framlegg til vedtak:

1. Ungdomsstyret vedtek å gå vidare med planlegginga av eit regionalt Pride-arrangement, basert på dei innspela som kjem fram under diskusjonen i gruppearbeidet.
2. Arbeidsutvalet får ansvar for å utarbeide eit konkret forslag til korleis arrangementet skal organiserast, finansierast og gjennomførast, som skal leggjast fram på eit kommande styremøte.

Sak 19/24 Instagram-konto

Etter innspel frå styret (sak 12/24) om behovet for ein eigen kommunikasjonskanal, har det no blitt oppretta ein Instagram-konto for Ungdomsstyret. Kontoen skal brukast for å dele informasjon om arbeidet styret jobbar med, synleggjere aktuelle prosjekt, og styrkje kommunikasjonen med ungdom og andre interessentar.

Det er viktig å sikre at kontoen blir brukt på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Styret må derfor diskutere korleis Instagram-kontoen skal driftast og kva type innhald som skal delast for å nå ut til målgruppene på best mogleg måte. Dette vil bli gjort gjennom gruppearbeid under møtet. Her er framlegg til diskusjonstema:

- Kva skal vera føremålet til kontoen?
- Kva for type innhald skal delast på Instagram-kontoen?
- Kor ofte bør det delast innlegg for å halde kontoen aktiv og interessant?
- Kven skal vere hovudmålgruppene for Instagram-kontoen?

- Korleis kan vi sikre at kontoen når ut?
- Kven skal ha ansvar for å administrere og oppdatere kontoen? Fast person/rullere.
- Kva retningslinjer bør settast for innhaldet på kontoen?
- Korleis kan vi bruke Instagram til å auke engasjement og dialog med følgjarane?

Vurdering:

Ein aktiv og godt administrert Instagram-konto kan vere eit effektivt verktøy for å styrkje kommunikasjonen med ungdom og andre viktige målgrupper i Ryfylke. Gjennom å diskutere og avklare bruken av kontoen i gruppearbeid, kan me sikre at den blir eit verktøy som engasjerer og formidlar budskapet på ein god måte.

▲ Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret vedtek at Instagram-kontoen skal brukast som kommunikasjonskanal for å synleggjere arbeidet til styret og prosjekt i regionen. Basert på gruppearbeidet på styremøtet, vil det bli utarbeidd retningslinjer for innhald, administrasjon og kommunikasjon på kontoen.

Sak 20/24 Karrieredagen og Job Fair 2025

Næringsforeningen i Stavanger inviterer utstillarar til to store rekrutteringsmesser i 2025. Dette er ein unik moglegheit til å promotere Ryfylke som ein attraktiv arbeidsplass. Messa rettar seg mot studentar og internasjonale arbeidstakarar, og involverer aktørar frå næringslivet, kommunar, academia, kultur.

For 2025 er følgjande arrangement planlagt:

- **Karrieredagen:** 03. januar 2025, kl. 11:00-14:00 [Karrieredagen.no](https://www.karrieredagen.no)
- **Job Fair:** 18. februar 2025, kl. 12:00-15:00 [Job-fair.no](https://www.job-fair.no)

Målet med Karrieredagen er å visa fram flest mogleg av dei spennande bedriftene i regionen og den kompetansen dei har bruk for. Det er viktig å få fram særpreget til regionen og profilera den som ein attraktiv stad å bu og jobba. Marknadsførast mot studentar.

Sommarjobben.no var med på Karrieredagen i 2024, der representantar frå ungdomsutvalet stilte på stand. Dette blei ein stor suksess, med mange studentar som registrerte seg som interesserte i sommarjobb i Ryfylke. Dette viser at slike messer er ein effektiv arena for rekruttering og marknadsføring av regionen.

Vurdering:

For å sikre at Ryfylke er godt representert på desse messene, foreslår vi å organisere ein felles stand under Ryfylke sin paraply. På denne standen kan fleire aktørar delta, slik som Sommarjobben.no, Ungdomsstyret i Ryfylke og andre relevante partnarar. Dette vil gi ei heilskapleg framstilling av Ryfylke som ein region med attraktive arbeidsmoglegheiter.

Det er viktig å diskutere:

- Om ungdomsstyret ønskjer å delta på desse messene som representantar for Ryfylke.
- Kven andre aktørar som bør inviterast til å delta på standen, for å styrke representasjonen.

- Korleis vi skal framstille Ryfylke som ein attraktiv plass for både studentar og internasjonale arbeidstakarar.
- Innspel til konkurransar og kjekke aktivitetar

▲ Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek at representant og frå ungdomsstyret skal delta på Karrieredagen og Job Fair i 2025 for å promotere Ryfylke som ein attraktiv arbeidsregion.
2. Styret ber arbeidsutvalet om å invitere andre relevante aktørar frå Ryfylke, til å delta på standen for å gi eit breitt bilete av regionen sitt mangfaldige arbeidsliv.
3. Det skal utarbeidast ein plan for korleis standen skal profilerast, med fokus på å framheve Ryfylke sine fordelar som arbeidsplass, særleg innan næringar som energi, havbruk, reiseliv og offentleg sektor.

Sak 21/24 Folka 2024: Mangfald og inkludering

Framtidsfylket inviterer til konferansen [Folka 2024](#) som finn stad i Skei den 24. oktober 2024, frå kl. 09:30 til 16:00. Konferansen vil fokusere på korleis ein kan rekruttere, behalde, og tiltrekke seg arbeidskraft i ei tid der konkurransen om talent er høg. Temaet for dagen er mangfald og inkludering, med særleg fokus på å få dyktige menneske til å både komme til, og bli verande i, regionen.

Konferansen er relevant for alle arbeidsgjevarar som ønskjer å få nye perspektiv på korleis dei kan tiltrekke seg og behalde arbeidskraft, med spesiell vekt på mangfald og inkludering.

Vurdering:

Dette er ei god moglegheit for representantar frå ungdomsstyret til å delta, få innsikt i tema som er avgjerande for utviklinga av arbeidslivet i Ryfylke, og deretter dele erfaringane sine med resten av styret. Konferansen vil gi ungdomsstyret verdifull kunnskap som kan nyttast i arbeidet deira med å promotere Ryfylke som ein attraktiv arbeidsregion, spesielt når det kjem til å rekruttere og inkludere ungdom.

▲ Forslag til vedtak:

1. Styret vedtek at ein eller to representantar frå ungdomsstyret kan delta på **Folka 2024**-konferansen i Skei den 24. oktober 2024.
2. Representantane frå ungdomsstyret som deltek på konferansen, får i oppdrag å presentere erfaringane sine og innsikta frå konferansen på neste styremøte, som skal haldast 3. desember 2024.
3. Reise- og deltakaravgiftene for ungdomsstyret si deltaking vert dekkja av Ryfylke IKS.

Sak 22/24 Representantskapsmøte 18.oktober

Ungdomsstyret følger møtekalenderen til Ryfylkerådet og har dermed moglegheit til å gje sine innspel i forkant av dei politiske møta. Dette gir ungdomsstyret ei viktig rolle i å bidra til avgjerdsprosessane i regionen, og sikrar at ungdomsperspektivet blir representert i dei sakene som blir behandla.

Dette er ei moglegheit for ungdomsstyret til å gjennomgå saklista og gje innspel til dei sakene som skal opp på representantskapsmøtet. Styret kan kommentere politiske saker som påverkar ungdom og deira framtid i regionen.

Representantskapsmøtet i Ryfylke IKS finn stad den 18. oktober 2024. Innkalling og sakliste for dette møtet er tilgjengeleg på Ryfylke sine nettsider. Sakene til representantskapsmøtet ligg her: [Innkalling og sakliste til representantskapsmøte i Ryfylke IKS 18.oktober](#)

- Har ungdomsstyret spesifikke kommentarar eller innspel til nokon av sakene på agendaen for representantskapsmøtet?
- Er det saker ungdomsstyret ønskjer å sette på dagsorden eller fremje synspunkt om på framtidige møte?

▲ Framlegg til vedtak:

Eventuelle innspel eller kommentarar frå ungdomsstyret blir formidla til styret i Ryfylke IKS i forkant av rådsmøtet, slik at ungdomsstyret sitt perspektiv kan bli tatt med i vurderingane.

Sak 23/24 Eventuelt



Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.